

Kvinesdal historielag

Vandring i bedehusland og Restauration søndag 29. april 2012 *- ei kulturhistorisk reise med glimt i auge*

Velkomen til Finnøy – perla i Ryfylke. Bli med underhaldarane og omvisarane **Arne Nordbø** og **Tor Øyvind Skeiseid** på ein spesiell dagstur med tomatar, middelalderstemning og bedehushumor på jordnært vis. Her er ei skildring av korleis ein tur til Finnøy KAN vera: Me delar gruppa i to – der den eine gruppa går om bord i Restauration og den andre gruppa tar ein tur i bedehusland med bussen.
Deretter møtes begge gruppene til middag på Utsyn.

Gr. 1) Hesby Kyrkje, med historisk sus og spennande forteljingar. Mektige menn har regjert på Finnøy. Ja Norge blei styrt frå Hesby på 1300-talet, og det legg me ikkje skjul på! Bli kjent med storgarden og den vakre middelalderkyrkja gjennom levande forteljingar, historiske hendingar og segn.

Me er på bedehusøya Finnøy. Og i bedehuset **Bethel** får me vera med på ei rotekte vandring i bedehusland, med tale, basar og song. Bethel er det eldste bedehuset i Ryfylke, som framleis er i bruk. Og det er me stolte over! Bli med på ein variert og humorfylt reise i den ryfylkske bedehuskulturen gjennom 150 år. Høgdepunktet for mange. Etter bedehusrevyen inviterer me alle opp på galleriet, og den splitter nye bedehusutstillinga. Ryfylkemuseet har laga ei innhalds-, lære- og minnerik utstilling over bedehuskulturen gjennom 200 år i Ryfylke. Det er nesten så du kjenner kaffilukta på basaren ...

Gr. 2) Amerikatur på Ryfylkefjordane

Bli med til 1825!

Høyr, kjenn, et og opplev deg tilbake til den første utvandringa til Amerika.

4. juli i 1825 la Restauration ut frå kai i Stavanger med 52 personar om bord. Nå seglar den nye Restauration på havet igjen, 187 år etter den aller første amerikaturen.

Nei me skal ikkje kryssa Atlanteren. Men me byr på eit unikt, ja kanskje det fremste symbolet, på norsk utvandringshistorie. Båten er bygd på Finnøy.

Velkomen om bord.

Begge gruppene får servert gångkaker med tomatsyltetøy undervegs.

Begge gruppene: Middag, dessert og kaffi på Utsyn Ungdomssenter. Her er både utsikten, maten og lokala av beste merke! Ja de forstår kvifor plassen heiter *Utsyn*. Maten er både smakfull og mettande. Ofte er det kjøkkengjengen på Utsyn som får mest skryt av alle.

Pris: kr. 1100,- for alt

Påmelding før 1. februar til Tor Mygland tlf. 38 35 03 75 eller

Anne-Berit Erfjord tlf.38 35 01 34 el erfjor@online.no

Sei frå om du vil vera med på tur 1 eller 2.

Turen startar frå Promenaden kl. 9.00 og vi er heime ca. kl.19.00

På [www.ryfylkelivsgnist](http://www.ryfylkelivsgnist.no) er foto og meir informasjon

4160 finnøy
telefon: 917 20 907
e-post: helene@ryfylkelivsgnist.no
www.ryfylkelivsgnist.no

R
Y
F
Y
L
K
E

L I V S G N I S T